



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/155753-2

Dykkar referanse:
20/281 – 20/14599

Vår dato:
16.09.2020

Uttale til ny avgrensa høyring av Reguleringsplan for Fv. 245 (nytt vegnummer 5310) – Fosse – Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 28.08. 2020. Saka gjeld framlegg til detaljreguleringsplan for Fv. 245 (nytt vegnummer Fv. 5310) Fosse– Moldekleiv med oppgradering av Fossekrysset.

Planen var til høyring og offentlig ettersyn i perioden 05.01.2019 – 16.02.2019. På bakgrunn av innkomne innspel og merknader er det no utført naudsynte justeringar og nokre mindre endringar av planforslaget før den kan fremjast til 2. gongshandsaming og endeleg vedtak i kommunestyret.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Uttale

Meland kommune sende i desember 2019 ut eit skriv (begrensa høyring) som innehalde nokon av dei same endringane. I høyringsuttale brev av 09.12.2019 var det Statens vegvesen si vurdering at endringane ikkje vil ha vesentleg innverknad på tilhøvet til trafikkavvikling på fylkesveg 245 mellom Fosse og Moldekleiv. (Nytt vegnummer Fv. 5310). Vi har heller ikkje ved denne høyringa vesentlege merknader til planframlegget slik det no ligg føre.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi legg til grunn at eventuelle fråvik på fylkesveg eller kommunal veg vert avklara med rette styresmakt.

Transport vest, Transportforvaltning 3
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN